



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	08.04.2019
<b>Tid:</b>	15:00 – 17:30

---

### Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK/SP

---

### Forfall:

Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Anja Pedersen	MEDL	FRP

---

### Varamedlemer som møtte:

Ove Stenersen	Marthe Vågsholm Sævik	FRP
---------------	-----------------------	-----

---

### Andre:

Avdelingsleiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:  
Olaug Andreassen og Frank Roy Moltu

### Skriv delt ut i møte:

MTK-sak 39/19. Sofram Catering gnr. 4 bnr. 77 – Klage på MTK-sak 21/19. Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og fråvik frå TEK10.

Drøftingar:

### Orienteringar:

Det vart gitt ei kort orientering om RS 15/19 på slutten av møtet.

Olaug Andreassen

Idar Tarberg

Frank Roy Moltu

---

underskrifter

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 31/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/19	Protokoll frå førre møte.
PS 33/19	Delegerte saker
PS 34/19	Referatsaker
PS 35/19	Vurdering av løyvde SMIL-midlar til enkelt leskur og føringsplass på gnr. 17 bnr. 3.
PS 36/19	Sigbjørn Myren - 4/36 - Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådelling av tomt til bustadføremål
PS 37/19	Søknad frå Goksøyr Eigedom DA om konsesjon på erverv av gnr. 9 bnr. 128
PS 38/19	Furene as - 76/49 - søknad om dispensasjon frå plankrav og PBL §1-8 vedr frådelling av tomt med eksisterande naust

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 96/19 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve byggetrinn 1
- DS 97/19 Søknad om tiltak
- DS 98/19 Robin Remøy Flusund og Liva Notøy 26/82 Tiltak - hagestue/garasje - løyve til tiltak
- DS 99/19 Glenn Lande 13/13 Tiltak utan ansvarsrett - balkong/nytt inngangsparti, garasje - løyve til tiltak
- DS 100/19 Leif-Morten Igesund 35/1 - Igangsettingsløyve heile tiltaket
- DS 101/19 Mariann Strømsnes - 34/26 - pipe
- DS 102/19 Aleksander Torvik - 37/503 - Løyve til endring
- DS 103/19 Ferdigattest - terrasse - 37/503
- DS 104/19 Reidar Remøy -12/60 - Rehabilitering pipe
- DS 105/19 Harry Monrad Muren - 16/10 - Frådeling
- DS 106/19 Herøy kommune - 34/568 m fl - Parkeringsplass med tilhørande anlegg
- DS 107/19 Øystein Per Moltubakk - 60/67 og 357 - Frådeling
- DS 108/19 Paul R. Kalland - 9/5 - Riving av hus
- DS 109/19 Ferdigattest - 37/492 seksjon 1 - bod
- DS 110/19 Inge Bergsnes 29/129 Deling grunneigedom - løyve til frådeling av tilleggsareal
- DS 111/19 Lampholmen AS 26/162 og 19 Tiltak tomannsbustad - rammeløyve
- DS 112/19 Handelsbygg holding as - 38/2 - IG 3 heile tiltaket
- DS 113/19 Odd Morten Berge - 29/87 - Naust og flytebrygge

## **Referatsaker**

- RS 14/19 Privat planforslag for tre rorbuer på Budaneset, Leikong. Høyring/offentleg ettersyn.
- RS 15/19 Forslag til reguleringsplan for massedeponi i Sandvika gnr. 59 bnr. 1. Høyring/offentleg ettersyn.
- RS 16/19 Vedtak settefylkesmannssak - klage over dispensasjon for frådeling av bustadtomt gnr. 29/87.
- RS 17/19 Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.
- RS 18/19 Varsel om oppstart av reguleringsarbeid: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn-Nørvågen

## **PS 31/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ei sak vart ettersendt til komiteen og den vart lagt til sakslista med saksnr. 39/19.

Ingen andre merknader til innkalling og sakliste

## **PS 32/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 33/19 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Runar Stave og Kjell Idar Tarberg ynskjer kopi av DS 113/19.

## **PS 34/19 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Komiteen ynsker orientering om RS 15/19.

Refererte saker låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 35/19 VURDERING AV LØYVDE SMIL-MIDLAR TIL ENKELT LESKUR OG FØRINGSPLASS PÅ GNR. 17 BNR. 3.**

### **Møtebehandling:**

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt framlegg:

MTK godkjenner tiltaket innafor opprinneleg godkjent kostnadsramme, og opprettheld sitt vedtak i MTK sak 46/1.

Beløpet på 42.450,- står ved lag.

Grunngjeving:

MTK meiner at bygget er innafor dei rammer som gjeld for enkelt leskur og foringsplass for sau.

H, Idar Tarberg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.04.2019**

MTK godkjenner tiltaket innafor opprinneleg godkjent kostnadsramme, og opprettheld sitt vedtak i MTK sak 46/1.

Beløpet på 42.450,- står ved lag.

Grunngjeving:

MTK meiner at bygget er innafor dei rammer som gjeld for enkelt leskur og foringsplass for sau.

### **PS 36/19 SIGBJØRN MYREN - 4/36 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV TOMT TIL BUSTADFØREMÅL**

#### **Møtebehandling:**

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt framlegg:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i jordlova paragr. 9 og 12 vert gitt løyve til omdisponering og frådeling av dyrkajord på gnr. 4 bnr. 36

Maritim og Teknisk komite vedtek at det med heimel i pbl. paragr. 19-2 vert gitt dispensasjon fra plankravet i kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådeling av ny tomt til bustadføremaal på gnr. 4 bnr. 36.

Dispensasjonen er grunngjeven med at frådeling av ei tomt som her er omsøkt ikkje vil vere til hinder for vidare utvikling av området. Søknaden er godt gjennomtenkt, plassering av tomta, samt løysingar inn mot ny tomt, veg, vatn og avlaup vil ikkje vere til hinder for vidare utvikling av bustadområdet.

Ein dispensasjon vil derfor ikkje sette til side formålet med plankravet.

Vilkår for dispensasjon er at tiltakshavar får godkjent løyve til utvida bruk av avkjørsla til Fylkesvegen. MTK set som vilkår at det vert opparbeidet leikeplass.

Idar Tarberg, Ole Brubakk og Over Stenersen røysta for Idar Tarberg sitt framlegg. Olaug Andreassen, Runar Stave og Frank Roy Moltu røysta for rådmannen sitt framlegg.

Idar Tarberg sitt framlegg vart vedteken mot 3 røyster. Leiar si dobbeltstemme vart teljande.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.04.2019**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i jordlova paragr. 9 og 12 vert gitt løyve til omdisponering og frådelling av dyrkajord på gnr. 4 bnr. 36

Maritim og Teknisk komite vedtek at det med heimel i pbl. paragr. 19-2 vert gitt dispensasjon fra plankravet i kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådelling av ny tomt til bustadføremaal på gnr. 4 bnr. 36.

Dispensasjonen er grunngeven med at frådelling av ei tomt som her er omsøkt ikkje vil vere til hinder for vidare utvikling av området. Søknaden er godt gjennomtenkt, plassering av tomta, samt løysingar inn mot ny tomt, veg, vatn og avlaup vil ikkje vere til hinder for vidare utvikling av bustadområdet.

Ein dispensasjon vil derfor ikkje sette til side formålet med plankravet.

Vilkår for dispensasjon er at tiltakshavar får godkjent løyve til utvida bruk av avkjørsla til Fylkesvegen. MTK set som vilkår at det vert opparbeidet leikeplass.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **PS 37/19 SØKNAD FRÅ GOKSØYR EIGEDOM DA OM KONSESJON PÅ ERVERV AV GNR. 9 BNR. 128**

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.04.2019**

Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 nr. 98 gir Maritim- og teknisk komitè konsesjon til Goksøy Eigedom DA for erverv av gnr. 9 bnr. 128.

#### **Grunngjeving:**

Løyvet vert grunngeve med at føremålet til kjøparane tek i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvalting. Ervervet gir slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet.



## **PS 38/19 FURENE AS - 76/49 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV OG PBL §1-8 VEDR FRÅDELING AV TOMT MED EKSISTERANDE NAUST**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.04.2019**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel og frå pbl §1-8 , bygge og deleforbudet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte frådeling av nausttomt på gnr. 76 bnr. 49 i Herøy.

Dispensasjonen er grunngeven med at frådeling gjeld areal nært knytt til ekisterande eldre naust på staden. Frådelinga vil ikkje påverke eller endre på dagens situasjon – heller ikkje påverke utviklingsmoglegheitene innanfor området. Tiltaket vil, slik MTK ser det, heller ikkje ytterlegare privatisere strandsona eller vere til hinder for fri ferdsel i området.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 39/19 KLAGE PÅ MTK-SAK 21/19 DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL OG FRÅVIK FRÅ TEK10**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.04.2019**

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve det som låg føre då dei fatta vedtak om å gi dispensasjon i MTK-sak 21/19 den 11.02.2019.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og MTK stadfestar vedtak i MTK-sak 21/19, den 11.02.2019.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

**MØTET SLUTT!**